

Innkalling

Studieprogramråd for vernepleie

Møtedato: 27.10.20

kl. 13.00-15.00

Sted: Zoom (digitalt møte)

Deltakere:

Unni Aasen, fagseksjonsleiar

Hege Cathrine Aarile, fagleg representant

Ingvild Hollekve, fagleg representant

Ann-Jeanette Sandven, studentrepresentant, deltid kull 19

Solveig Øyehaug Moe, studentrepresentant, 1. klasse campus Sogndal

Mari Svinvik, studentrepresentant, 2.klasse campus Bergen (kom inn i møtet 13.27)

May Lereng, studentrepresentant, 3.klasse campus Bergen

Asbjørg Bjørkedal, Psykisk helsevern, Helse Førde

Beate Kristin Lilleheil, Helse Bergen, eksternt medlem

Silje Haugland, Førstelektor ved Universitetet i Agder, fagfellerepresentant

Ingrid Faaberg, administrativ representant og referent

Forfall:

May Lereng

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	2 min
Referat: Godkjent Legg til punkt på sak 2/20: Korleis har studentane opplevd studiesituasjonen i samband med covid-19?				
2/20 Etablering av Studieprogramråd	Vedlegg: Se lenkene over	Gjennomgang av mandat for Studieprogramrådet Medlemmer presenterer seg og sier noe om forventninger til arbeidet til Studieprogramrådet.	Fagseksjonsleder innleder og orienterer	10 min
Referat: Presentasjon av møtedeltakarane Gjennomgang av studieprogramråd, funksjon og informasjon. Sjå lenker over. <u>Korleis har det vore å vere student i forhold til covid-19:</u>				

Studentrepresentantane fortel at det både har vore krevjande og nyttig. Dei har måtta takle endringar på kort varsel. Digital undervisning gjer det enklare å tilpasse studiesituasjonen, til dømes er det positivt med videoar som du kan nytte når du vil, pause og sjå om att. Ulempa har vore det sosiale aspektet, ein møter sjeldan medstudentar. Deltidsstudentane har opplevd at det har vore utfordrande med undervisning i samband med praksisperiode som har vorte flytta på. Både det å møte opp fysisk og det at dei fekk kort periode å førebu seg på.

For HVL har det vore mange problemstillingar grunna ulik størrelse på kull og tilgang på undervisningsrom. 1. årsstudentane har vore prioritert slik at dei kunne møte på skulen, for å bli kjent med kvarandre og lærarane. Digital undervisning var nytt for dei fleste lærarane i vår, og det har kravd mykje å utvikle gode digitale undervisningsopplegg. Alle studentar har haldt studieprogresjonen, ingen er forsinka i studiet grunna covid-19 restriksjonar. Det er ikkje registrert større fråfall frå studiet enn vanleg.

Innspel frå Beate Kristin Lilleheil som har undervist for HVL: Digital undervisning fører ofte til lite respons, mistar den non-verbale dialogen. 2. års studentane frå HVL var veldig aktive og positive. Veldig bra innsats trass i digital undervisning. I forhold til digital undervisning så seier erfaringa at ein må undervise i kortare bolkar, må nytte alternativ, til dømes filmar, refleksjonsoppgåver. 20 min med rein forelesing er nok, då må ein ta pause eller ha anna aktivitet. Opplev at dei fleste studentane føretrekk å skrive i chat framfor å snakke i møtet.

Studentane gir uttrykk for at det er lettare å bruke kamera i mindre grupper enn i større zoomgrupper. Det er lettare å stille spørsmål eller gi innspel i chat enn «live». Dei har opplevd at det som regel er litt oppstartsproblem i forhold til digital undervisning, lærarane må finne sin form før det glir bra. Ein erfaring er at det er betre om ein anna tek seg av chat enn den som underviser.

Fagseksjonsleiar fortel at det er mange planar som har endrast undervegs. Håpar vi slepp ny ned-stenging, at vi får gjennomføre det som er planlagt. Det var ei utfordring å få ut studentane i praksis i Bergen og omland no i haust, grunna covid-19 restriksjonar. Det vart lagt ned stor innsats for å få dette på plass, og det løyste seg. Dette var svært viktig for å få studentane gjennom praksisperioden.

Student deltid gir tilbakemelding om at det var mange som kom seint i gong med praksisen og det derfor ga ekstra utfordringar å kombinere praksis med jobb, familie og arbeidsmiljølova.

2.årsstudent fortel at dei har vore eit par dagar på skulen, resten av undervisninga har vore digital. Det er delte opplevingar, alle vil gjerne vere på skulen, og det er ulik forståing for tiltaka blant studentane. Dette kullet vart også råka av restriksjonane i mars. Dei var ute i praksis og måtte gjere om på opplegget. Alle kom gjennom og fekk ulike oppgåver, men det var ikkje det same som å vere i praksis. Alt i alt gjekk det greitt. Imponerende at det kom eit alternativt så fort. Kvaliteten på gjennomføringa var god.

Universitetet i Agder fortel om same oppleving som HVL, studentane er fleksible og syner stor innsatsvilje. Stor variasjon i kva folk tenker om løysingane. Kan ein få til å lage ein plattform der ein kan diskutere ulike løysingar på tvers av utdanningsinstitusjonar?

Student gir innspel på at dei gjerne vil vere med i forkant dersom ein skal vurdere ulike alternativ for gjennomføring av undervisning grunna endringar i situasjonen.

3/20 Fastsette oppfølgingsform for studieprogrammet studieåret 2020-2021

Vedlegg:

Plan for hvilke emner og hvordan emnene skal evalueres presenteres. Studieprogramrådet inviteres til å gi innspill til valg av oppfølgingsform.

Fagseksjonsleder presenterer forslag og innleder til diskusjon

20 min

Referat:

Gjekk gjennom plan for evaluering. Valt oppfølgingsform er at ein jamleg har klassemøter, og evaluering av alle emne. Fagtilsette har dialogmøte haust og vår for å ta med evaluering av emne inn i planlegginga av neste semester. Møte med tillitsvalte to gonger i studieåret. Det er viktig å få inn studentstemma i evalueringa. Fellesemne er like i Bergen og Sogndal med ein emneansvarleg på kvar campus. Noko vert ulikt organisert grunna ulik kullstørrelse og behov på campus.

Nye emne i haust:

- VPL110 Danning og akademisk handverk – erfaring: felles emne for mange studie, vanskelegare å tilpasse.
- VPL120 Menneskets utvikling og læring i eit livsløpsperspektiv – erfaring: godt samarbeid på tvers av campus.

Student gir innspel på at det verkar som at faga går over i kvarandre, kan bruke det ein ha lært i eksamen i begge emne. VPL120 går samstundes på begge campus, noko som fører til mange deltakarar i zoom-rom, og dermed mange svarte skjermar. I forhold til arbeidsmengde har det har gått fint, men trur det er individuelt frå student til student.

Campus Bergen har gjennomført undersøking etter desse emna og der kjem det mellom anna fram at studentane tykkjer det er vanskeleg å skilje mellom emna, kva som høyrer til kva emne. 4 obligatoriske læringsaktivitetar opplevast som veldig arbeidskrevjande.


Det er ein prosess i gong i forhold til korleis ein skal nytte Canvas. Alternativa er eitt rom for alle, eller eitt for kvart campus. Dette blir evaluert for å finne ut kva som er mest hensiktsmessig framover. Planlegging av vårsemester på tvers av campus er i gong. Ny studieplan må evaluerast, justerast og jobbast med.

Student på utgåande studieplan (deltid) gir innspel om at det opplevast som at det ikkje er ein raud tråd i undervisninga. Det går lenge mellom kvar gang ein treffest og det er fort å gløyme å snakke om det heilskaplege i utdanninga. Samanslåing av undervisning for ulike kull fungerte ikkje så godt for dei som er på utgåande studieplan, merkar forskjellen på gammal og ny studieplan. Kanskje ein kunne ha fått informasjon om endringane i studieplanane på førehand – lettare å forhalda seg til det då.

Anonyme undersøkingar har ein ofte låg svarprosent. Tillitsvalte kan nyttast i påminningsarbeidet, og framsnakke undersøkinga. Det er ei balanse å ikkje ha for mange undersøkingar slik at det opplevast som ei belastning, heller ikkje for mange spørsmål i undersøkinga. Det er utarbeida malar for undersøkingar. Ynskjer studentane mest mogeleg like undersøkingar eller variasjon? Studentane gir tilbakemelding om at variasjon i spørsmåla fører til at ein må vere våken, eller så vert det rutine, trykker seg gjennom for å bli ferdig.

Det er viktig at studentane melder frå om misnøye slik at HVL kan ta tak i det.

Student fortel om emne BVP-202 Miljøarbeid, habilitering og rehabilitering der dei har hatt klassens time kvar fredag. Det har vore ei god moglegheit for alle å gi tilbakemeldingar, eventuelt gjere det gjennom tillitsvalt. Fungert godt, kan gjerne ta det med vidare i kommande emne. Det vert spelt inn at chattrådar også kan vere ein form for «klassens time». Lettare å gå tilbake og finne tidlegare diskusjonar. Møtedeltakar fortel at diskusjonsforum har vore veldig funksjonelt i slike situasjonar. Det er viktig å legge til rette for dialog mellom student og fag i digital undervisning også.

<p>4/20 Orienteringssaker</p>	<p>Vedlegg:</p> <p>Rekruttering og opptak</p>  <p>Rekruttering og opptak.pdf</p> <p>Resultat og gjennomstrømming</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bilde av utdanningen <ul style="list-style-type: none"> ○ Rekruttering og opptak • Status beredskap og kvalitetsarbeid i forbindelse med Covid-19 • Evaluering av digital undervisning • Desentralisert deltidsutdanning i vernepleie • Implementering av ny studieplan – erfaringer så langt • Samordning på tvers av campus 	<p>Fagseksjonsleder innleder og inviterer til diskusjon</p>	<p>40 min</p>
--------------------------------------	---	--	---	---------------



Resultat og
gjennomstrømming.

Referat:

Det er god rekruttering til utdanninga. Mange 1.prioritert søkarar. Måltal for 2020 kullet er 80 studentar Bergen og 40 studentar i Sogndal. 2018/2019 kulla har måltal 70 i Bergen og 30 i Sogndal. Ligg over desse tala på 1. året. Kandidatproduksjon etter tre år er over måltala. Gjennomføringsgrad er høg, stigande kurve på begge campus. Forventar ikkje at alle studentane fullfører då det er naturleg med fråfall (skikkaheit, feilval). Skal utdanne gode vernepleiarar som tek i vare brukarane.

Det er nokre som stryk i praksis. Praksis er ei god anledning til å få prøvd seg. Skikkaheit er viktig i denne samanheng også. Andre institusjonar nyttar noko av formuleringa frå skikkaheitsforskrifta inn i evaluering av praksis. Konkretisering av dei yrkesetiske retningslinjer(FO) – kan det vere eit arbeidskrav i forkant av praksis?

Ny studieplan fører til ei vi-kjensle på tvers av campus. God erfaring så langt. Viktig å få tilbakemeldingar frå studentane på det ein har arbeida med.

Innspel frå student: informasjon om implementering av ny studieplan til studentar på utgåande studieplan kunne ha vore ein fordel då det er lettare å forstå prosessane som er i gang. Konte-eksamenar – kan dei samkøyrast mellom campus (med tanke på deltidsstudentar busett i nærleiken av Bergen)? Dette arbeidet er i gong.

Når kvalitetssystemet er oppe for fullt vil alle studentar ha tilgang på alle evalueringar og referat. Informasjon skal samlast, men det tek tid for at alt skal kome på plass etter fusjonen, men det går framover.

Desentralisert deltidsutdanning: HVL har søkt og fått innvilga midlar frå NIKU for å etablere desentralisert deltidsutdanning i vernepleie. Det er planlagt oppstart på campus Haugesund, eit område som har uttrykt behov for fleire vernepleiarar. Det vert no jobba med å organisere studieplanen slik at den går over 4 år, kortare samlingar enn deltid, digitale møter mellom samlingane. Jobbar mest med dei fyste emna som allereie har vore gjennomført ein gong. Noko undervisning må vere på campus – ferdigheit t.d. Dette arbeidet er eit samarbeid mellom Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund – alle stadar er representert i arbeidsgrupper. Fokus på internasjonalisering – korleis få studentane til å reise ut? Må gjerast på ein anna måte enn på fulltidstudie, diskuterte alternativ har mellom anna vore engelske forelesingar, små studiegrupper med ein student frå England der ein jobbar med erfaringsdeling.

Innspel student – ressursgrupper frå tidlegare studentar som er i praksisfeltet kan vere nyttig å ta med i arbeidet. E-læring, digitale videoar, bruke studentar i videoar er positivt. Desse innspela tek ein med seg vidare i arbeidet.

SIM arena er utvikla i Sogndal, og gir moglegheiter for god ferdigheitstrening. Eit løft for utdanninga.

5/20 Eventuelt

5 min

Referat: